

Bergen Domkor
v/Domkantor Kjetil Almenning
Bergen domkirke menighet
Bryggen 13
5003 Bergen

Dato: 08.03.2017
Vår ref.: 2015/1545-6
Saksbehandlar: ronskaa
Dykkar ref.:

Deltaking på St. Magnus Internasjonal Festival 2017 - Underretting om tildeling av tilskot

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til reise til Orknøyane under St. Magnus Internasjonal Festival

Det er ei glede å melda at Hordaland fylkeskommune, Fylkesutvalet i møte 22.02.2017, sak 55/17, har vedteke å tildele dykk **kr 150.000,-** .

Grunngjeving

Bergen Domkor er invitert til å ta del under St. Magnus International Festival på Orknøyane i juni 2017. På bakgrunn av vennskapssamarbeidet mellom Hordaland og Orknøyane og 900-års jubileet for St. Magnus, vil fylkesrådmannen rå til at Hordaland fylkeskommune løyver kr 150.000 til Bergen Domkor sin medverknad. Støtta frå Hordaland fylkeskommune vil vera eit bidrag til jubileet.

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga.
- Den regionale kulturplanen er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgd.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Om-fylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.

- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

UTBETALING

Tilskotet vil bli utbetalt når vi har mottatt bankkontonummer tilskotet skal overførast til.

RAPPORTERING

Sluttrapport og sluttregneskap skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga ved prosjektslutt

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.